

# Administrativt delegasjonsreglement



## Innholdsliste

<b>1. GENERELL RAMME</b> .....	<b>4</b>
1.1 Delegasjon.....	4
1.2 Generelle retningslinjer for delegasjon .....	4
1.3 Definisjonar .....	4
1.4 Utdrag frå kommunestyret sitt delegasjonsreglement .....	5
<b>2. STYRINGS- OG AVGJERDSFULLMAKT</b> .....	<b>7</b>
2.1 Signatur .....	7
2.2 Personalforvaltning .....	7
2.3 Økonomi - tilvising, økonomistyring, innkjøp m.m.....	8
2.3.1 Tilvising.....	8
2.3.2 Attestasjon .....	8
2.3.3 Driftsbudsjett .....	8
2.3.4 Investeringsbudsjett.....	9
2.3.5 Kjøp av varer og tenester (med unntak av IKT) .....	9
2.3.6 Kjøp av IKT-utstyr .....	9
2.3.7 Plassering av kommunale midlar.....	10
2.3.8 Opptak av kommunale lån .....	10
2.3.9 Fullmakt til begjæring av tiltale.....	10
2.4 Servering, sal, skjenking, kontroll m.m.....	10
2.4.1 Fullmakter etter serveringslova .....	10
2.4.2 Fullmakter etter alkohollova .....	10
2.4.3 Opningstider for utsalsstader.....	10
2.5 Grunnskule, barnehage m.m.....	11
2.5.1 Elevsaker .....	11
2.5.2 Opptak av barn i SFO .....	11
2.5.3 Opptak av barn i musikk- og kulturskolen .....	11
2.5.4 Godkjenning av skulebytte.....	11
2.5.5 Opptak av barn i barnehage.....	11
2.5.6 Godkjenning av familiebarnehagar .....	11
2.5.7 Godkjenning av barnehagelokale.....	11
2.5.8 Tilsyn med kommunale og private barnehagar.....	12
2.5.9 Dispensasjon frå utdanningskrav .....	12
2.5.10 Vaksenopplæring .....	12
2.6 Barnevern .....	12
2.6.1 Vedtak etter Lov om barneverntenester.....	12
2.7 Helse og sosial.....	12
2.7.1 Vedtak etter Helse- og omsorgstenestelova og folkehelselova - med unntak av fullmakter som er delegert til kommunelege I .....	12
2.7.2 Vedtak etter Helse- og omsorgstenestelova § 11-2 om fastsetjing av vederlag for helsetenester – og vedtak etter Lov om sosiale tenester i NAV om fastsetjing av vederlag for sosiale tenester .....	13
2.7.3 Vedtak etter Lov om folkehelsearbeid i kommunane § 4A – Miljøretta helsevern .....	13
2.7.4 Vedtak etter Lov om vern mot tobakksskadar (Røykeloven) .....	13
2.7.5 Vedtak etter Lov om vern mot smittsame sjukdommar (smittevernlova) .....	13
2.7.6 Vedtak etter Lov om sosiale tenester i NAV.....	13
2.7.7 Vedtak i samsvar med retningslinjer gitt av politiske organ .....	14
2.8 Saker som gjeld kommunal eigedom .....	14
2.8.1 Tildeling av plass i kommunal bustad, trygdebustad, omsorgsbustad, og Tednebygg omsorgssenter .....	14
2.8.2 Krav om utkastning .....	14
2.8.3 Tildeling av lån og tilskot til bustad .....	14
2.8.4 Fråfall av pant.....	14
2.8.5 Utleige av skular, barnehagar, kantiner, kulturhus, forretningsbygg m.m.....	15
2.9 Kultur m.m.....	15
2.9.1 Tilskotsmidlar .....	15
2.9.2 Kjøp og sal av tenester til fritid og kultur m.m. ....	15
2.9.3 Tilskot til livssyns- og trusdomssamfunn .....	15
2.9.4 Tilskot til politiske parti .....	15

## ADMINISTRATIVT DELEGASJONSREGLEMENT

2.9.5 Tildeling av løyve for utleige/sal av film eller videogram .....	15
<b>2.10 Plan- og byggesaker m.m.</b> .....	<b>16</b>
2.10.1 Plan og bygningslova .....	16
2.10.2 Konesjonslova .....	16
2.10.3 Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom .....	16
2.10.4 Lov om eigarseksjonering .....	16
2.10.5 Lov om eigedomsregistrering (Matrikkelova) .....	16
2.10.6 Lov om stadnamn .....	17
<b>2.11 Lov om forureining og om avfall</b> .....	<b>17</b>
2.11. Utsleppsløyve .....	17
2.11.1 Vedtak etter forureiningslova .....	17
2.11.2 Forskrifter heimla i Forureiningslova der kommunen har mynde .....	18
<b>2.12 Hamnespørsmål</b> .....	<b>18</b>
<b>2.13 Jord og skog m.m.</b> .....	<b>18</b>
<b>2.14 Oppgåver etter brann- og eksplosjonslova, brannførebyggjande tiltak og brannsyn</b> .....	<b>19</b>
2.14.1 Vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farlege stoff, redningsoppgåver m.m. ....	19
2.14.2 Brannførebyggjande tiltak og brannsyn .....	19
2.14.3 Eigar av kommunale bygg .....	19
2.14.4 Brukar av kommunale bygg.....	19
<b>3. KLAGEREGLAR</b> .....	<b>20</b>
<b>4. RAPPORTERINGSANSVAR</b> .....	<b>20</b>

# 1. GENERELL RAMME

## 1.1 Delegasjon

Delegasjonsreglementet tek utgangspunkt i dei delegasjonsfullmaktene som kommunestyret, formannskapet, politiske utval og andre representative kommunale styreorgan har gitt rådmannen mynde til, jf. KommuneLOVA § 23 pkt 4.

Delegasjonen inneber at rådmannen har fullmakt til å ta avgjerd i alle einskildsaker, eller typar saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen si vidare delegering av avgjerdsretten til einingsleiarane går fram av dette dokumentet. Dokumentet vil vidare gi rettleiing om avgjerdsrett innafor visse saksområde som einingsleiarar/leiar for stab igjen kan delegere internt i eininga/staben.

Rådmannen vil visa til at Øygarden kommune er organisert etter to-nivåmodellen der oppgåver skal løysast på lågast mogeleg nivå. Rådmannen forutset at einingsleiarar og leiarar i stabsfunksjonane legg dette til grunn ved vidare delegering av arbeidsoppgåver, ansvar og mynde internt i eining/stab.

## 1.2 Generelle retningsliner for delegasjon

- A. All delegert mynde må brukast i samsvar med lover, føresegner og retningsliner gjevne av overordna organ og innafor godkjende budsjetterammer og føresetnader.
- B. Ein overordna kan krevja å få lagt fram for seg til avgjerd ei sak som ein underordna har til handsaming etter delegert fullmakt.
- C. Den som har fått delegert mynde, kan overlata til overordna å ta avgjerd i særskilde høve.
- D. Ein overordna kan av eige tiltak omgjere vedtak gjort av underordna i samsvar med § 35 i forvaltningslova.
- E. Ei delegert sak skal oppfylle kvalitetskrava til sakshandsaming i forvaltningslova.
- F. Vedtak etter delegasjon skal rapporterast til overordna eller politisk organ i samsvar med gode rapporteringsrutinar og eventuelle krav i lov eller forskrifter.
- G. Alle saker som skal til politisk handsaming skal godkjennast av rådmannen før sakene vert fremja for politisk organ.

## 1.3 Definisjonar

*Rådmann* - Med rådmann meiner ein rådmann og kommunalsjefar. Det inneber at kommunalsjefane har rådmannen sin mynde, men likevel slik at rådmannen formelt og organisatorisk er kommunalsjefane sin overordna leiar.

## ADMINISTRATIVT DELEGASJONSREGLEMENT

*Einingsleiar* - Einingsleiar er leiar for ei tenesteytande eining, med sjølvstendig økonomi- og personalansvar. Han/ho rapporterer til respektiv kommunalsjef. Kulturleiar kjem inn under stabsleiar av organisatoriske årsaker.

### **1.4 Utdrag frå kommunestyret sitt delegasjonsreglement**

Øygarden kommunestyre vedtok nytt delegasjonsreglement den 14.12.16, sak 111/16. I dette reglementet står det;

#### ***Utarbeiding av delegasjonsreglement***

*Følgjande prinsipp er lagt til grunn ved utarbeiding av delegasjonsreglementet i Øygarden kommune: Tydeleg ansvar og mynde, avgjerdsmynde på lågast mogleg nivå, effektiv vedtaksprosess, sikra likskap og rettar til publikum, og gode rutinar for rapportering ved utøving av mynde.*

#### **Målsetjing**

*Øygarden kommune sitt delegasjonsreglement skal utgjera dei kjørereglane kommunestyret fastset for å skapa nødvendig klårleik i ansvars-, mynde -og oppgåvefordelinga mellom dei ulike politiske organa og i høve til administrasjonen ved rådmannen. Reglementet skal leggja tilhøva til rette for lokalpolitisk styring og effektiv tenesteyting, forvaltning og administrasjon. Elles har reglementet følgende målsettingar:*

- Vitalisering av kommunestyret
- Effektiv og god saksbehandling
- Vedtaksmynde nær brukarane
- Styrkja rettstryggleiken for brukarane
- Sikra gode tilbakerapporteringsrutiner mellom organ som har delegert mynde.

#### **Hovudprinsipp**

*Delegasjon av mynde er å gjera arbeidsformer og vedtaksprosessar tenlege og effektive. Delegasjon frå kommunestyret til politiske organ gjev politikarane meir tid til å drøfta prinsipielle saker og vedta planar og retningsliner. Ved å delegera mynde til administrasjonen ved administrasjonssjefen for avgjerd i kurante saker, der avgjerda følgjer direkte av lov, føresegn/regelverk eller frå kommunen sine egne planvedtak eller retningsliner, oppnår ein at politisk organ får nytta meir tid til prinsipp saker, plansaker og utviklingssaker.*

*Administrasjonen kan sameleis gjera betre bruk av ressursar for tilrettelegging av prinsipp saker, skjønsprega saker og andre spørsmål som må handsamast av politisk organ.*

#### ***Prinsipiell sak:***

*Avgjerd som krev ei breiare skjønnsmessig vurdering, der det er politiske vurderingar eller prioriteringar, der ein innleier ein ny praksis eller avgjerder medfører økonomiske konsekvensar utover planlagt aktivitet.*

#### ***Kurante saker:***

*Avgjerder som er fagleg prega og følgjer lov, føresegn, regelverk og kommunen sine egne plan- og retningsliner og vedtak, og ut frå dette har lita grad av skjønn, vert rekna som kurante saker. Sakene må ikkje ha økonomiske konsekvensar utover dei økonomiske rammene for planlagt aktivitet.*

*Dersom det er uklårt om ei sak er prinsipiell eller kurant, skal rådmannen avklara dette med ordførar. Dei avklaringar som vert gjort utviklar ein praksis som supplerer reglane i delegeringsreglementet. Sjå elles eige avsnitt under om køyrereglar for avklaring omkring prinsipielle saker.*

## ADMINISTRATIVT DELEGASJONSREGLEMENT

### Alminnelege bestemmelsar

Med delegering vert det i dette reglement meint som overføring av mynde frå kommunestyret til politiske utval eller rådmannen til å fatta avgjerder på ulike område. Tidlegare vedtak om delegering vert oppheva og erstatta av dette reglement.

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ og har overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Kommunestyret har avgjerdsmynde i alle saker som ikkje er delegert til politiske utval eller rådmannen med mindre særlov bestemmer noko anna. Kommunestyret kan, som kommunen sitt øvste lovfesta organ, krevja å få seg førelagt ei kvar sak, sjå kommunelova §6. I reglementet er det gjeve ei framstilling i dei saker kommunestyret skal handsama..

Alle saker, som etter dette reglement ikkje skal handsamast av kommunestyret, vert delegert frå kommunestyret til politiske utval eller til rådmannen. All delegering til administrasjonen skjer til rådmannen. Saker av prinsipiell betydning vert delegert til politiske utval, medan saker som ikkje er prinsipielle vert delegert til rådmannen. Når ikkje anna spesifikt er sagt, kan rådmannen delegera sitt mynde vidare til einingsleiarar og andre i samsvar med eige reglement.

Klage på enkeltvedtak fatta av rådmannen eller av eit politisk utval vert først lagt fram for det

### **Delegasjon til rådmannen;**

#### **8.1. Generell mynde.**

Dersom ikkje anna går fram av lov, i medhald av lov, av reglement, instruksar eller andre vedtak i kommunestyret, har rådmannen mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Rådmannen har instruksjonsmynde overfor alle tilsette i samsvar med kommunelova § 23. Om kva som er av prinsipiell art seier Ot.Prp.Nr. 42 (91-92) m.a. følgjande: "Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønnsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlige praksis"

Dersom rådmannen er i tvil om ei sak har prinsipiell / politisk karakter, vert spørsmålet om dette å leggja fram for ordføraren. Delegasjon til andre i administrasjonen enn rådmannen må vere heimla i særlover (t.d. kommunelege, brannsjef). Nærare presisering av delegering innan dei ulike ansvarsområda og lovene vert lista opp i oversynet bak i dette delegasjonsreglementet.

#### **8.2. Personal- og organisasjonssaker.**

Kommunestyret vedtek overordna organisatorisk struktur av administrasjonen.

Rådmannen har elles mynde til å utgreie og avgjere organisering innafor desse rammene:

- Rådmannen vert gjeven fullmakt til å oppretta, endra på og leggja ned stillingar innanfor gjevne ressursrammer, i samsvar med politiske føringar
- Rådmannen har mynde til å tilsetje i alle stillingar utanom rådmannsstillinga.
- Rådmannen har mynde til å vedta oppseiingar/ avskil.
- Rådmannen vert gjeven fullmakt til å fastsetje løn og som arbeidsgjevar gjennomføra forhandlingar, innafor gjevne ressursrammer.

#### **8.3. Økonomi**

Rådmannen ser til at folkevalde organ får tenlege rapportar for driftsbudsjettet. Rådmannen kan inngå avtaler om låneopptak og avtale nærare lånetidspunkt og lånevilkår samt å underteikna lånekontraktar innafor godkjent låneramme. Han har også fullmakt til å inngå avtaler om refinansiering av lån og opptak av kortsiktige lån for seinare innfriing.

## ADMINISTRATIVT DELEGASJONSREGLEMENT

### **8.4. Etter særlover.**

For særlovverk som legg mynde til kommunen, har rådmannen mynde til å treffe vedtak innafør ramma av vedkomande særlov.

### **8.5. Fullmakt til å underteikna dokument og begjering av tiltale.**

Rådmannen vert med heimel i kommunelova § 9 nr. 3 gjeven mynde til å underskriva på vegne av kommunen. Rådmannen vert gjeven fullmakt til å begjere offentleg tiltale for tilfelle som vedkjem verdiar eller interesser som kommunen forvaltar eller fører tilsyn med.

### **8.6 Permisjonar**

Rådmannen avgjer permisjonssaker i samsvar med "Permisjonsreglement for Øygarden kommune".

(Sjå elles Kap10.6, side 21)

## 2. STYRINGS- OG AVGJERDSFULLMAKT

### **2.1 Signatur**

Rådmannen vert med heimel i kommunelova § 9 nr. 3, og vedteke delegasjonsreglement i Øygarden kommune pkt 8.5, gjeven mynde til å underskriva på vegne av kommunen. Rådmannen skal skrive under på avtalar som binder kommunen, og som ikkje krev ordføraren sin signatur.

Dokument som er knytt til bruk av delegert mynde skal signerast av den tenestemann som har delegert mynde på saksområdet. Det skal vere to underskrifter på vedtak.

Kommunalsjefane og einingsleiarane har innafør eininga sitt ansvarsområde fullmakt til å signere dokument på vegne av kommunen så lenge ikkje anna går fram av lov, forskrift, politiske vedtak, administrative retningsliner eller dokument med innhald som er i konflikt med andre kommunale avgjerder. Dette gjeld dokument som reknast som kurante og med eit fagretta eller avgrensa innhald knytt til drifta i eininga.

### **2.2 Personalforvaltning**

Rådmannen har vedtaksmynde i alle saker som gjeld forhold mellom kommune som arbeidsgjevar og den einskilde tilsett, inkludert oppretting/ nedlegging av stillingar og tilsetjing/ oppseiing/ avskjed/ suspensjon i samsvar med politiske føringar.

- Oppretting og nedlegging av stillingar, samt oppseiing/ avskjed/ suspensjon:

*Mynde vert ikkje delegert.*

- Tilsetjing:

Rådmannen har mynde til å tilsetja i alle stillingar med unntak av administrasjonssjef, jf. kommunelova § 22 pkt 2.

Med unntak av kommunalsjefar og einingsleiarar som vert tilsett av Rådmannen, skal alle andre kommunale stillingar tilsetjast i lokale tilsetjingsutval.

*Tilsetjing vert delegert til einingsleiar*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare i eining*

## ADMINISTRATIVT DELEGASJONSREGLEMENT

- Lønnsfastsetjing og tinging med arbeidstakarorganisasjonane:

Rådmannen har mynde til fastsetje løn og som arbeidsgjevar gjennomføre forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane om løns- og arbeidsvilkår for dei tilsette.

Rådmannen skal i sitt arbeid innafor desse felt arbeida i samsvar med dei reglar og retningsliner som er fastsett i særlover, hovudavtale og sentrale og lokale tariffavtalar til ei kvar tid.

*Mynde vert delegert til kommunalsjef stab ved lønsfastsetjing og tingingar ved nyttilsetjingar og enkeltforhandlingar mellom dei årlege lønsforhandlingane.*

- Andre personal- og lønsspørsmål:

Andre personal- og lønsspørsmål som ikkje er nemnt i strekpunkta ovanfor:

*Mynde vert delegert til einingsleiar*

*Mynde kan delegerast vidare i eining*

### **2.3 Økonomi - tilvising, økonomistyring, innkjøp m.m.**

#### **2.3.1 Tilvising**

Rådmannen har tilvisingsmynde for samla kommunal drift og for vedtekne investeringar.

*Tilvisingsmynde vert delegert til einingsleiarane, med unntak av økonomisjefen.*

*Tilvisingsmynde gjeld innanfor dei driftsbudsjetttrammene som einingsleiar har ansvar for.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare i eining.*

Delegering av tilvisingsmynde skal gjevast på fastsett skjema og skal signerast.

Originalskjema vert arkivert på økonomikontoret. Delegert mynde til å tilvisa gjeld òg ved bruk av elektronisk tilvising.

#### **2.3.2 Attestasjon**

Den som har tilvisingsmynde gjev mynde til namngjevne personar til å attestera rekneskapsbilag innanfor spesifiserte ansvarsområde, tenesteområde og/eller konkrete budsjettpostar.

Attestasjonsmynde skal gjevast på fastsett skjema og skal signerast.

Originalskjema vert arkivert på økonomikontoret.

Delegert mynde til å attestera gjeld òg ved bruk av elektronisk attestasjon.

#### **2.3.3 Driftsbudsjett**

- a) Rådmannen har mynde, innafor dei avgrensingar som lovgjevinga set, og i samsvar med kommunestyrets vedtekne budsjetttrammer å disponera løyvde budsjettmidlar til drift.
- b) Rådmannen har mynde til å endre budsjettet innafor den einskilde budsjetttramme som kommunestyret fastset.
- c) Rådmannen har mynde til å endre budsjettet innafor samla tenesteområde skule og barnehage som reknast som kurante.



## ADMINISTRATIVT DELEGASJONSREGLEMENT

- d) Mynde kan ikkje nyttast til omprioriteringar som er i strid med føresetnadane frå kommunestyret.
- e) Eventuelt mindre- og meirforbruk eit år kan verta overført til neste års driftsbudsjett innafør den einskilde eining / stabsfunksjon.

*Mynde i høve til punkt a og b, jf. pkt d vert delegert vidare til einingsleiarar i samsvar med ansvarsområde for eining og /stab.*

*Mynde i høve til punkt a jf. pkt d kan delegerast vidare i eining/stab.*

### 2.3.4 Investeringsbudsjett

Rådmannen har mynde, innafør dei avgrensingar som lovgjevinga set, og i samsvar med kommunestyrets vedtekne budsjetttrammer, å disponera løyvde budsjettmidlar til investering.

*Mynde vert ikkje delegert.*

### 2.3.5 Kjøp av varer og tenester (med unntak av IKT)

Rådmannen har mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtalar innafør ordinært driftsbudsjett.

#### Vedk. drift:

*Inngåing av avgrensa (innafor årsbudsjett) avtalar og kjøp innanfor eigne rammer og driftsbudsjett vert delegert til einingsleiar for tenesteeiningane.*

*Mynde m.o.t. inngåing av avgrensa avtalar kan ikkje delegerast vidare.*

*Mynde m.o.t. kjøp kan delegerast vidare i eining.*

MERKNAD: Innkjøpsansvarleg i eininga skal alltid godkjenna kjøp og val av leverandør i samsvar med kommunen sine gjeldande rammeavtalar og retningsliner for innkjøp.

#### Vedk. investering:

*Mynde vert ikkje delegert.*

### 2.3.6 Kjøp av IKT-utstyr

Rådmannen har mynde til å føreta innkjøp av IKT-utstyr innafør vedtekne budsjetttrammer og i samsvar med lovverk og gjeldande kommunale retningsliner.

*Mynde vert delegert til kommunalsjef stab*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

MERKNAD:

- Inngåing av avtalar om innkjøp av dataprogramvare, oppretting av nye mobilabonnement og innkjøp som får konsekvensar utover gjeldande budsjettår skal alltid føreleggjast rådmannen for godkjenning.
- Innkjøpsansvarleg i eininga skal alltid godkjenna kjøp og val av leverandør i samsvar med kommunen sine gjeldande rammeavtalar og retningsliner for innkjøp.

### **2.3.7 Plassering av kommunale midlar**

Rådmannen har mynde til å føreta plassering av fondsmidlar, legatmidlar og likvide midlar i bank eller anna kredittføretak på best mogelege vilkår. Rådmannen har fullmakt til å velja hovudbanksamarbeid og inngå avtale om dette. Jf. Finansreglement for Øygarden kommune.

*Mynde vert ikkje delegert.*

### **2.3.8 Opptak av kommunale lån**

Rådmannen kan inngå avtaler om låneopptak og avtale nærare lånetidspunkt og lånevilkår samt å underteikna lånekontraktar innafor godkjent låneramme. Han har også fullmakt til å inngå avtaler om refinansiering av lån og opptak av kortsiktige lån for seinare innfriing. Jf. Delegasjonsreglement for Øygarden kommune og Finansreglement for Øygarden kommune.

*Mynde vert ikkje delegert.*

### **2.3.9 Fullmakt til begjæring av tiltale**

Rådmannen vert gjeven fullmakt til å begjære offentleg tiltale for tilfelle som vedkjem verdiar eller interesser som kommunen forvaltar eller fører tilsyn med.

*Mynde vert ikkje delegert.*

## **2.4 Servering, sal, skjenking, kontroll m.m.**

### **2.4.1 Fullmakter etter serveringslova**

Rådmannen har mynde til innanfor dei rammer som kommunestyret eller underordna folkevald styreorgan fastset til ei kvar tid, å ta avgjerd i saker etter Serveringslova, så langt lova gir høve til det.

*Mynde vert delegert til leiar for servicetorget*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.4.2 Fullmakter etter alkohollova**

Rådmannen har mynde til innanfor dei rammer som kommunestyre eller underordna folkevald styreorgan fastset til ei kvar tid, å ta avgjerd i sal- og skjenkesaker og kontroll etter Alkohollova, så langt lova gir høve til det og i samsvar med Alkoholpolitisk handlingsplan for Øygarden kommune.

*Mynde vert delegert til leiar for servicetorget*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.4.3 Opningstider for utsalsstader**

Rådmannen er gitt mynde til å ta avgjerd i einskildsaker etter Lov om opningstider for utsalsstader.

*Mynde vert delegert til leiar for servicetorget*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

## **2.5 Grunnskule, barnehage m.m.**

### **2.5.1 Elevsaker**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker innanfor opplæringslova og barnehagelova i alle typar saker som gjeld elevar og barnehagebarn, inkl. skyss, klaseskipnadar, spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp til barn under skulealder og innan vaksenopplæringa.

*Mynde vert delegert til einingsleiarar i samsvar med den einskilde sitt ansvarsområde.  
Mynde kan delegerast vidare.*

### **2.5.2 Opptak av barn i SFO**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd om opptak av barn i skulefritidsordning i samsvar med opplæringslova og kommunale rammevilkår og retningsliner.

*Mynde vert delegert til einingsleiarar skule.*

### **2.5.3 Opptak av barn i musikk- og kulturskulen**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd om tildeling av plass i musikk- og kulturskulen.

*Mynde vert delegert til kulturleiar.  
Mynde kan delegerast vidare.*

### **2.5.4 Godkjenning av skulebytte**

Rådmannen har mynde, i samsvar med opplæringslova å ta avgjer vedkommane søknad om skulebytte.

*Mynde vert delegert til kommunalsjef for oppvekst*

### **2.5.5 Opptak av barn i barnehage**

Rådmannen har mynde, i samsvar med barnehagelova og kommunale rammevilkår og retningsliner å ta avgjerd vedkomande opptak av barn i barnehage.

*Mynde vert delegert til einingsleiarar barnehage.  
MERKNAD: Tildeling av plass i barnehage må gjerast i eit heilskapsperspektiv.  
Delegasjonen skal utøvast i samarbeid og samordning mellom einingane.*

### **2.5.6 Godkjenning av familiebarnehagar**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker innanfor barnehagelova sine rammer vedk. godkjenning av familiebarnehagar, jf. Barnehagelova § 14.

*Mynde kan delegerast vidare.*

### **2.5.7 Godkjenning av barnehagelokale**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker innanfor barnehagelova sine rammer vedk. godkjenning av lokale til barnehagedrift.

*Mynde vert ikkje delegert.*

### **2.5.8 Tilsyn med kommunale og private barnehagar**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker innafor barnehagelova sine rammer vedk § 16 om at kommunen skal føra det lokale tilsynet med kommunale og private barnehagar. I region vest samarbeidar kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy om ei tilsynsordning.

*Mynde til å gjennomføra tilsyn vert delegert til interkommunalt tilsynsteam*

*Mynde til å gje pålegg er delegert til kommunalsjef oppvekst*

### **2.5.9 Dispensasjon frå utdanningskrav**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker innafor barnehagelova sine rammer vedk. dispensasjon frå utdanningskravet for styrar/pedagogisk leiar i barnehage, jf barnehagelov § 16.

*Mynde vert delegert til einingsleiarar barnehage*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.5.10 Vaksenopplæring**

Rådmannen har mynde til å disponera midlar til vaksenopplæringstiltak i tråd med vedtekne budsjettrammer, kommunale retningslinjer og gjeldande lovverk.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Øygarden ungdomsskule.*

*Mynde kan delegerast vidare.*

## **2.6 Barnevern**

### **2.6.1 Vedtak etter Lov om barneverntenester**

Mynde til å treffa vedtak og ta avgjerd etter Lov om barneverntenester, innafor dei rammer og i samsvar med dei føresetnader som overordna politiske organ har sett med heimel i lova eller føresegner gitt med heimel i lova, er gitt til barneversleiar.

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

## **2.7 Helse og sosial**

### **2.7.1 Vedtak etter Helse- og omsorgstenestelova og folkehelselova - med unntak av fullmakter som er delegert til kommunelege I**

Rådmannen har mynde til å gjera vedtak og ta avgjerd i saker etter Lov om helsetenesta i kommunane, med unntak av fullmakter som er delegert til kommunelege I eller som er følgje av lova er lagt til medisinsk-fagleg ansvarleg lege.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for*

- Helse
- Pleie og omsorg
- Familiens Hus i

*samsvar med einingane sine respektive oppgåver i knytt til kommunehelsetenestelova.*

*Mynde kan delegerast vidare.*

### **2.7.2 Vedtak etter Helse- og omsorgstjenestelova § 11-2 om fastsetjing av vederlag for helsetenester – og vedtak etter Lov om sosiale tenester i NAV om fastsetjing av vederlag for sosiale tenester**

Rådmannen har mynde til å gjera vedtak og ta avgjerd i saker etter

1. Helse- og omsorgstjenestelova § 11-2, jf. Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstjenester § 3 (eigenandel ved langtidsopphald)
2. Helse- og omsorgstjenestelova § 11-2, jf. Forskrift om eigenandel for helse- og omsorgstjenester § 4 (eigenandel ved korttidsopphald)
3. Helse- og omsorgstjenestelova § 11-2, jf. forskrift til lova sitt kap. 8 om vederlag/eigenbetaling for heimetenester m.m jf. Forskrift til sosialtjenestelova.

*Mynde vert delegert til angjeldande einingsleiar.*

### **2.7.3 Vedtak etter Lov om folkehelsearbeid i kommunane § 4A – Miljøretta helsevern**

Rådmannen er gitt mynde til å utøva mynde og gjeremål innan miljøretta helsevern etter Lov av 19. november 1982 nr 66 om helsetenesta i kommunane, med unntak av den mynde som er nemnd i

- § 4a-4

- § 4a-10 og § 4a-11, tredje ledd

Jfr. § 4a-3, andre og tredje ledd og § 3-4

*Mynde vert delegert til kommunelege 1.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.7.4 Vedtak etter Lov om vern mot tobakksskadar (Røykeloven)**

Rådmannen er gitt all mynde til å utøva mynde og treffa vedtak etter Lov om vern mot tobakksskadar (Røykeloven), så langt mynde etter lova er lagt til kommunale organ.

*Mynde vert delegert til kommunelege 1.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.7.5 Vedtak etter Lov om vern mot smittsame sjukdommar (smittevernlova)**

Rådmannen er gitt all mynde til å utøva dagleg forvaltningsmynde, herunder å treffa turvande vedtak etter Smittevernlova når desse oppgåvene ikkje er lagt til særlege fagorgan eller fagpersonar og lova elles ikkje er til hinder for det, jf same lova § 7-1 og 7-2.

*Mynde vert delegert til kommunelege 1.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.7.6 Vedtak etter Lov om sosiale tenester i NAV**

Rådmannen er gitt all mynde til å treffa vedtak etter Lov om sosiale tenester i NAV.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for NAV i samsvar med einingane sine respektive oppgåver i knytt til sosialtjenestelova.*

*Mynde kan delegerast vidare.*

## ADMINISTRATIVT DELEGASJONSREGLEMENT

### **2.7.7 Vedtak i samsvar med retningslinjer gitt av politiske organ**

Rådmannen er gitt all mynde til å treffa vedtak i andre saker av forvaltningsmessig art innan helse- og sosialtenesta i samsvar med retningslinjer gitt av politiske organ.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for legetenesta, Pleie og omsorg, Familiens Hus og NAV - i samsvar med einingane sine respektive ansvarsområde.*

*Mynde kan delegerast vidare.*

## **2.8 Saker som gjeld kommunal eigedom**

### **2.8.1 Tildeling av plass i kommunal bustad, trygdebustad, omsorgsbustad, og Tednebakkane omsorgssenter**

Rådmannen er gitt mynde til å tildela plass i kommunale bueiningar.

*Mynde å tildela plass i kommunale bustadar, trygdebustadar, omsorgsbustadar for menneske med psykisk utviklingshemming og psykiske lidingar vert delegert til stabs-/ einingsleiar med ansvar for denne tenesta.*

*Mynde å tildela institusjonsplass og omsorgsbustad ved Tednebakkane omsorgssenter vert delegert til einingsleiar for Pleie og omsorgstenesta.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.8.2 Krav om utkastning**

Rådmannen er gitt mynde til å setja fram krav om utkastning frå kommunale utleigehus og utleigeareal i dei høve der leigetakar har brote husleigeavtalar og andre avtalar, eller på annan måte har misleghalde desse.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og service.*

### **2.8.3 Tildeling av lån og tilskot til bustad**

Rådmannen er gitt mynde til å handsama søknadar om tildeling av Startlån i samsvar med vedteken låneramme og etter reglar fastsett av statlege organ og kommunalpolitiske retningslinjer.

*Mynde vert delegert til leiar for NAV.*

*Mynde kan delegerast vidare.*

### **2.8.4 Fråfall av pant**

Rådmannen er gitt mynde til å fråfalla kommunal pant for lån og fråfalla prioritet når det er liten sjanse for at det fører med seg tapsrisiko for kommunen.

*Mynde vert ikkje delegert.*

## ADMINISTRATIVT DELEGASJONSREGLEMENT

### **2.8.5 Utleige av skular, barnehagar, kantiner, kulturhus, forretningsbygg m.m.**

Rådmannen er gitt mynde, i samsvar med gjeldande lovverk og kommunale retningslinjer å ta avgjerd i saker som gjeld utleige av kommunal eigedom.

*Mynde for utleige av skular og barnehagar vert delegert til einingsleiarar for den eininga som disponerer bygget.*

*Mynde for utleige av andre kommunale bygg og eigedomar vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.*

*Einingsleiar for Teknisk drift og sørvis har ansvar og mynde med omsyn til leigeinntektene.*

*Mynde kan delegerast vidare.*

## **2.9 Kultur m.m.**

### **2.9.1 Tilskotsmidlar**

Rådmannen er gitt mynde til å fordela tilskotsmidlar til kulturelle føremål etter reglar vedtekne av kommunestyret.

*Mynde vert delegert til kulturleiar.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.9.2 Kjøp og sal av tenester til fritid og kultur m.m.**

Rådmannen er gitt mynde til å ta avgjerd i saker vedk. kjøp og sal av tenester til fritids- og kulturliv i samsvar med vedtekne budsjetttrammer.

*Mynde vert delegert til kulturleiar.*

*Mynde kan delegerast vidare.*

### **2.9.3 Tilskot til livssyns- og trdomssamfunn**

Rådmannen er gitt mynde til å berekna tilskot og avgjera søknader om tilskot til livssyns- og trussamfunn.

*Mynde vert ikkje delegert.*

### **2.9.4 Tilskot til politiske parti**

Rådmannen er gitt mynde til å fordela stønad til politiske parti etter retningslinjer fastsett av kommunestyret.

*Mynde vert ikkje delegert.*

### **2.9.5 Tildeling av løyve for utleige/sal av film eller videogram**

Rådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld tildeling av løyve for utleige/sal av film eller videogram, jf. Lov om film og videogram.

*Mynde vert ikkje delegert.*

## **2.10 Plan- og byggesaker m.m.**

### **2.10.1 Plan og bygningslova**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak i einskildsaker og saker av ikkje prinsipiell betyding, dersom ikkje anna går fram av lov, føresegner gjevne i medhald av lov eller politisk delegasjonsvedtak.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk plan og forvaltning.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.10.2 Konesjonslova**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak i einskildsaker og saker av ikkje prinsipiell betyding, dersom ikkje anna går fram av lov, føresegner gjevne i medhald av lov eller politisk delegasjonsvedtak.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk plan og forvaltning og Landbrukssjefen  
innafor deira respektive ansvarsområde.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.10.3 Lov om kartlegging, deling og registrering av grunneigedom**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak i einskildsaker og saker av ikkje prinsipiell betyding, dersom ikkje anna går fram av lov, føresegner gjevne i medhald av lov eller politisk delegasjonsvedtak.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk plan og forvaltning.  
Mynde til å bestyre kart- og delingsforretning kan delegerast vidare.*

### **2.10.4 Lov om eigarseksjonering**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak i einskildsaker og saker av ikkje prinsipiell betyding, dersom ikkje anna går fram av lov, føresegner gjevne i medhald av lov eller politisk delegasjonsvedtak.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk plan og forvaltning.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare*

### **2.10.5 Lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova)**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak i einskildsaker og saker av ikkje prinsipiell betyding, dersom ikkje anna går fram av lov, føresegner gjevne i medhald av lov eller politisk delegasjonsvedtak.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk plan og forvaltning.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare*



### **2.10.6 Lov om stadnamn**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak i einskildsaker og saker av ikkje prinsipiell betydning, dersom ikkje anna går fram av lov, føresegner gjevne i medhald av lov eller politisk delegasjonsvedtak.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk plan og forvaltning.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare*

### **2.11 Lov om forureining og om avfall**

#### **2.11. Utsleppsløyve**

Rådmannen har mynde til å treffe vedtak om utsleppsløyve.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og service.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

#### **2.11.1 Vedtak etter forureiningslova**

Rådmannen har mynde til å treffa vedtak etter forureiningslova.

*Mynde vert delegert / ikkje delegert vidare slik:*

- Innsamling av hushaldsavfall - § 30 andre og tredje ledd

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

- Påleggja å stilla utstyr til disposisjon ved kommunale aksjonar mot akutt forureining - § 47 første ledd

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

- Krevja slamavskiljar utkopla - § 26 femte ledd

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

- Fastsetja forskrift om brenning av avfall i småovnar

*Mynde vert ikkje delegert.*

- Føra tilsyn med at ”besitter” av næringsavfall som ikkje i art eller mengde skil seg vesentleg frå hushaldsavfall handterer dette forsvarleg - § 48 – første ledd

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

## **2.11.2 Forskrifter heimla i Forureiningslova der kommunen har mynde**

### **2.11.2.1 Forskrift om begrensing av forureining (forureiningsforskrifta)**

#### Kap 1 – Tiltak for å motverka fare frå nedgravde oljetankar

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.  
Mynde kan delegerast vidare.*

#### Kap 2 – Opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

#### Kap 4 – Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt

*Mynde vert ikkje delegert.*

#### Kap 7 – Lokal luftkvalitet

*Mynde vert ikkje delegert.*

#### Kap13 – Utslepp av oljehaldig avlaupsvatn og om bruk og merking av vaske – og avfettingsmiddel

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.  
Mynde kan delegerast vidare.*

#### Kap 23 – Hindring av forureining ved kloakkutslepp frå skip

*Mynde vert ikkje delegert.*

### **2.11.2.2 Forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav**

*Mynde vert ikkje delegert.*

## **2.12 Hamnespørsmål**

Innafor dei avgrensingar som ligg i hamnelova i høve til kommunalt ansvarsområde og dei rammer som kommunestyret set i budsjett, betalingsreglement og andre generelle reglar og retningsliner for den kommunale drift, er rådmannen gitt mynde til å ta avgjerd i saker som omhandlar dagleg drift og forvaltning i hamnespørsmål.

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

## **2.13 Jord og skog m.m.**

Rådmannen har mynde til å fatte vedtak i einskildsaker og saker av ikkje prinsipiell betydning, dersom ikkje anna går fram av lov, føresegner gjevne i medhald av lov eller politisk delegasjonsvedtak.

*Mynde vert delegert til landsbrukssjefen.  
Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

## **2.14 Oppgaver etter brann- og eksplosjonslova, brannforebyggjande tiltak og brannsyn**

### **2.14.1 Vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlege stoff, redningsoppgaver m.m.**

Rådmannen har på kommunestyret sine vegne mynde til å forvalta Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlige stoffer og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonslova).

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis v/brannsjefen.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.14.2 Brannforebyggjande tiltak og brannsyn**

Rådmannen har ansvar og mynde til å forvalta og treffa avgjerd etter «Forskrift om brannforebyggjande tiltak og brannsyn av 26. juni 2002».

*Mynde vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis v/brannsjefen.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.14.3 Eigar av kommunale bygg**

Rådmannen har ansvar og mynde til å forvalt og treffa avgjerd etter «Forskrift om brannforebyggjande tiltak og brannsyn av 26. juni 2002». Som eigar skal rådmannen leggja fram dokumentasjon av tryggleik for brannvernleiar, jf. Forskrifta § 3-2 og fortløpande bistå denne i arbeidet med å organisera brannforebyggjande tiltak i særskilde brannobjekt.

*Eigar sitt ansvar etter forskrifta § 2-2 vert delegert til einingsleiar for Teknisk drift og sørvis.*

*Mynde kan ikkje delegerast vidare.*

### **2.14.4 Brukar av kommunale bygg**

I kommunale bygg har eigar v/Rådmannen ansvar for brannforebyggjande tiltak og utpeika brannvernleiar for dei særskilde brannobjekt. Alle tilsette skal vera informert om kven som er pålagt dette ansvaret, jf. Forskrift om brannforebyggjande tiltak og brannsyn av 26. juni 2002.

*Ansvar som brannvernleiar ved*

- Skulane
- Kommunale barnehagar
- Øygarden kulturhus
- Øygarden rådhus
- Tednebakkane omsorgssenter
- Ternholmsenteret
- Andre einingar (objekt) som vert definert som særskilt brannobjekt etter Forskrift om brannforebyggjande tiltak og tilsyn § 13

*Mynde vert delegert til einingsleiar som brukar for det einskilde bygg (brannobjekt).*

*Brannvernleiar sitt ansvar for særskilde brannobjekt går fram av forskrifta kap. 2. Ansvaret skal utøvast i forståing med eigar, jf Forskrift om brannforebyggjande tilsyn og brannsyn § 2-1. Mynde kan delegerast vidare.*

### **3. KLAGEREGLAR**

Rådmannen sine avgjerder som reknast som enkeltvedtak og er gjort etter dette reglement kap. 2 kan påklagast til det overordna organ som i samsvar med lov, føresegner, reglement m.m. eller andre statlege eller kommunale retningsliner er saksansvarleg (klageinstans). Dei prosedyrar for klagehandsaming som er fastlagt gjennom lov og regelverk skal følgjast. NB! Klagesaka skal alltid føreleggjast rådmannen før den vert vidaresendt til klageinstansen.

### **4. RAPPORTERINGSANSVAR**

Rådmannen har ansvar for at det vert etablert gode rapporteringsrutiner til politiske organ, slik at desse til ei kvar tid er orientert om saksomfang, vedtaksrutiner og kvalitativt beslutningsnivå til ei kvar tid.